



## MØTEPROTOKOLL

For generalforsamling i Jondalstunnelen AS torsdag 7. juni 2018 kl 1315.

Møtestad: Kommunehuset i Jondal 3. etasje.

Følgjande saker var til handsaming:

1. Konstituering av Generalforsamling.  
Opning ved styreleiar Toralv Mikkelsen.  
Registrering av frammøtte aksjonærar.
2. Val av møteleiar.
3. Val av person til å skriva protokoll.
4. Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Godkjenning av årsrekneskapet for 2017.
7. Val av styre, ingen på val.
8. Godkjenning av godtgjerdsløse til styre og revisor.

### **Sak 07/18 Opning/registrering.**

Følgjande aksjonærar møtte:

- Hordaland fylke, 52 %, representert ved...Synnøve Solbakken (Med fullmakt).....
- Odda kommune, 12 %, representert ved...Toralv Mikkelsen (Med fullmakt).....
- Kvinnherad kommune, 12 %, representert ved ordførar Peder Slettebø Sjø .....
- Jondal kommune, 12 %, ...representert ved ordførar Jon Larsgard.....
- Kvam herad, 12 %,...representert ved Heidi Sandven Botnen (Med fullmakt).....

**100 % av aksjonæranne var til stades og generalforsamlinga vart lovleg sett.**

### **Sak 08/18 Val av møteleiar.**

**Vedtak: Toralv Mikkelsen samrøystes vald.**

### **Sak 09/18 Val av person til å skriva protokoll.**

**Vedtak: John Skogseth samrøystes vald.**

### **Sak 10/18 Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.**

**Vedtak: Peder Slettebø Sjø og Synnøve Solbakken vart samrøystes valde.**

## **Sak 11/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

### **Vedtak: Innkallinga og dagsorden samrøystes godkjent.**

## **Sak 12/18 Godkjenning av årsrekneskapen for 2017.**

Trafikkutvikling.

I 2017 passerte 210 046 bilar gjennom Jondalstunnelen. Dette var ein auke på 9213 bilar samanlikna med året før. Årsdøgntrafikken i 2017 var 575 ÅDT mot 549 ÅDT i 2016, ein auke på 4,7 %. Stortingsprop. for Jondalstunnelen legg til grunn 350 ÅDT i opningsåret. Jondalstunnelen vart opna for trafikk 7. september 2012.

Økonomi.

Brutto inntekter i 2017 var på kr 17 858 711 mot kr 18 032 741 i 2016.

Det er ein auke i ordinære bompenginntekter på kr 313.236 og avsetting til ikkje bokførte passeringar har auka med 36.032 i 2017 i forhold til 2016, dvs ein samla auke på kr 349.267. Når totale inntekter likevel er redusert med kr 174.030 skuldast det endring i tapsavsetning pr 31.12.16 på kr 524.500 som aukar inntektene i 2016, og ein tilsvarende effekt får me ikkje i 2017. (I samband med overtaking av opningsbalansen frå Folgefonntunnelen AS.)

Kostnadene utanom avskrivning av innkrevingsrett aukar med kr 362 190. Dette skuldast ein auke i honorar til regnskapsførar og revisor, som i hovudsak skuldast meirarbeid knytt til opningsbalansen frå Folgefonntunnelen.

Den største auken i kostnadene skuldast likevel auken i innkrevingskostnader for Jondalstunnelen AS etter at Folgefonntunnelen AS var ferdig med sin innkrevingsperiode 15.06.2016.

Innkrevingskostnadene har tidlegare blitt belasta Folgefonntunnelen AS sin rekneskap og Jondalstunnelen AS fekk en avrekning på sin del av innkrevingskostnadene ved utgangen av året.

Innkrevingskostnader har utvikla seg slik dei siste åra:

2017	kr 1.335.711	– Jondalstunnelen får alle innkrevingskostnader fortløpende
2016	kr 1.057.514	– Jondalstunnelen blir avregnet frem til 15.06, får alle innkrevingskostnader resten av året

2015	kr 534.455	– Jondalstunnelen får avregning fra Folgefonntunnelen
------	------------	-------------------------------------------------------

Samla driftskostnader viser ein auke frå kr 16 530 416 i 2016 til kr 16 689 058 i 2017.

Driftsresultatet viser eit overskot på kr 1 169 653 samanlikna med kr 1 1502 322 i 2016.

Netto rentekostnad er på kr 1 169 653 mot kr 1 502 322 i 2016.

Årsresultatet er kr 0.

Sum omløpsmidlar pr 31.12.2017 utgjorde kr 40 347 932 mot kr 36 010 893 pr.31.12.2016.

Selskapet sine bankkonti utgjorde pr. 31.12.2017 kr 36 414 723 mot kr 27 567 058 pr 31.12.2016.

Selskapet er finansiert gjennom lån i Kommunalbanken, og avdrag og renter vert nedbetalt etter ein plan der siste avdrag skal vera betalt 20.12.2023.

Frå og med 2017 er det ikkje lenger krav til mindre selskap, som vårt, å levera årsmelding.

Dette er ein del av regjeringa sitt forenklingsprogram. Etter samråd med styreleiar er det difor ikkje utarbeidd årsmelding for 2017.

Styret sitt framlegg til innstilling for generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2017 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.

**Vedtak: Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2017 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.**

**Sak 13/18 Val.**

Ingen er på val i år.

**Sak 14/18 Godkjenning av godtgjerdsle til styre og revisor.**

Generalforsamlinga godkjende fylgjande godtgjerdsle for styre og revisor for rekneskapsåret 2016:

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 25 000 + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 7 500 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1 500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdsle.
- Revisor: Kr 37 500

Framlegg til vedtak: Styret tilrår fylgjande framlegg til godtgjerdsle for styret og revisor for rekneskapsåret 2017

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 35 000 + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 7 500 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1 500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdsle.

Revisor: Kr 85 250

**Vedtak: Generalforsamlinga vedtek fylgjande godtgjerdsle for styret og revisor for rekneskapsåret 2017**

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 35 000 + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 7 500 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1 500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdsle.

  
Toralv Mikkelsen  
-styreleiar-

  
Peder Slettebø Sjø

  
Synnøve Solbakken